



Tiltaksplan – oppfølging av forvaltningsrevisjon skuleskyss

Bakgrunn og innleiing

- Skyss har over tid arbeidd med korleis organisere seg rundt de viktigaste oppgåvene Skyss har ansvar for. I den samanheng har avdeling Trafikktilbod nyleg vore gjennom ei omorganisering, der det i juni 2016 vart bestemt at oppgåvene knytt til skuleskyss skal organiserast gjennom ei eiga faggruppe.
- Skyss har nyleg lyst ut stilling som faggruppeleiar for skuleskyss og tar sikte på at ny faggruppeleiar er på plass ved starten av 2017.
- Først når ny faggruppeleiar er på plass vil faggruppe skuleskyss vere fullt ut etablert.
- Fleire av tiltaka som er skissert i planen er under arbeid medan andre har planlagt oppstart hausten 2016.
- Skyss vurderer at det er viktig at ny faggruppeleiar har ein sentral rolle i etableringa av system og rutinar for faggruppa.
- Felles frist for tiltaka er oktober 2017.
- Unntaket er tiltak om å «stille tydelige kontraktskrav til operatørar ved bruk av underoperatør til utføringa av skuleskyss». Dette tiltaket må innførast i samband med oppstart av nye kontrakar.
- Faggruppeleiar er saman med leiar trafikktilbod ansvarleg for at tiltaka blir sett i verk.

| TILRÅDING | TILTAK V/ SKYSS | STATUS |
|--|---|---|
| 1. Etablerer eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde: | Utarbeide dokument som skildrar ansvarsfordeling og mynde mellom: 1) Skyss og samferdsleavdelinga, 2) Skyss og kommunar 3) Skyss og operatørar | |
| a. Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdsleavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med. | Utarbeide dokument som skildrar arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for arbeidet med skuleskyss internt i skyss (inkl. stillingsbeskrivelser) | Dagens arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling er kartlagt og dokumentert. Dokument som skildrar ansvarsfordelinga framover er påstarta. |
| b. Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skuleskyss internt i Skyss. | Etablere rutinar som sikrar årleg revisjon av skysshåndbøkene og dokumentasjonen som ligg til grunn for sakshandsaminga i Cert | Skyss har utarbeidd eit årshjul som skildrar overordna oppgåver innanfor skuleskyss. Her inngår frist for revisjon av nemnte dokument. Skyss arbeider no med å knytte konkrete oppgåver til roller i faggruppa. Skyss planlegg også prosess for forankring av dokumenta i fylkeskommunen. |
| c. Oppdaterte prosedyrar, retningslinjer og rutinar for arbeidet med skuleskyss som blir revidert jamleg. | Etablere system for fordeling av innkomne søknadar knytt til skuleskyss | Arbeidet med å etablere system for fordeling av innkomne søknader er starta opp. |
| d. System for registrering og handsaming av klager. | Etablere rutinar som sikrar at søknad om dispensasjon frå kravet i opplæringslova om fri skuleskyss for elevar i vidaregåande skule blir sendt kvart år | Skriftleggjering og vidareutvikling av dagens praksis er under arbeid. Oppgåva skal knyttast til ei av rollene i faggruppa. |
| | Etablere system for registrering, arkivering og oppfølging av innkomne klagar | |
| | Etablere system for årleg gjennomgang og evaluering av hovudaktivitetane for skuleskyssområdet | Skyss har utarbeidd eit årshjul som skildrar overordna oppgåver innanfor skuleskyss. Som del av prosessen med å følgje opp tilrådingar frå forvaltningsrevisjonen blir årshjulet no vidareutvikla. |



| TILRÅDING | TILTAK V/ SKYSS | STATUS |
|---|--|---|
| 2. Etablerer system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar. | Utarbeide skriftlege retningslinjer for samhandling mellom Skyss og kommunane | |
| | Etablere fast(e) møtepunkt med opplæringsavdelinga knytt til samhandling om skuleskyss i vidaregåande skule | Planar for forbetring av samhandlinga med opplæringsavdelinga er under arbeid. |
| | Etablere fast(e) møtepunkt med kommunane (t.d. årleg informasjonsmøte) knytt til samhandling om skuleskyss i grunnskulen | Planar for forbetring av samhandlinga med kommunane er under arbeid. |
| | Opprette kontaktutval for skuleskyss i fylket | |
| 3. Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggest til grunn for ei realistisk budsjettering av forvaltninga av skuleskyss. | Utarbeide retningslinjer for gjennomføring av årlege økonomiske analysar (t.d. ved bruk av nøkkeltal frå Cert) | Skyss arbeider no med å utarbeide rutinar for økonomiske analysar av skuleskyssområdet. |

| TILRÅDING | TILTAK V/ SKYSS | STATUS |
|---|--|---|
| 4. Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette <ul style="list-style-type: none"> a. Betre heilskapleg planlegging av skysstilbodet b. Betre oppfølging av operatørar | Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling for ruteplanlegging av skysstilbodet | Desse avklaringane blir no gjennomført som del av implementeringa av nye faggrupper i Skyss. |
| | Avklare arbeidsoppgåver og ansvarsfordeling når det gjeld oppfølging av operatørar | Skyss har etablert ei eiga faggruppe for operatøroppfølging. Skyss arbeider no med å definere ansvarsfordelinga for oppfølging av operatørar mellom faggruppe operatøroppfølging og faggruppe skoleskyss. |
| | Utarbeide retningslinjer for oppfølging av operatør | Retningslinjer for oppfølging av operatørar er under arbeid. |
| | Stille tydelege kontraktskrav til operatørar ved bruk av underoperatør til utføringa av skuleskyss | Denne type kontraktskrav har blitt tydeleggjort i kontraktane som er lyst ut den siste tida (til dømes Hardanger Voss) og dette vil bli implementert vidare ved utlysing av nye kontraktar. |
| | | |